



## Møtebok

**Utvalg:** Fellesnemnda Alver  
**Møtested:** Rådhuset, Manger  
**Dato:** 03.06.2019  
**Tid:** Kl. 12:00 - 17:00

Frammøtte medlem	Kommune	Parti	Rolle
Jon Askeland	Radøy	SP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	Radøy	AP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	Radøy	SP	Medlem
Jostein Borlaug	Radøy	AP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	Radøy	H	Medlem
Øyvind Oddekalv	Meland	AP	Leiar
Nils Marton Aadland	Meland	H	Medlem
Øyvind Bratshaug	Meland	FRP	Medlem
Sølvi Knudsen	Meland	SP	Medlem
Anne Grete Eide	Meland	AP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	Meland	KRF	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	Lindås	KRF	Nestleiar
Leif Hosøy Sleire	Lindås	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	Lindås	KRF	Medlem
Nina Bognøy	Lindås	AP	Medlem
Bjarte Vatnøy	Lindås	FRP	Medlem
Nina Stabell Øvreås	Lindås	FRP	Medlem
Karl Vågstøl	Lindås	H	Medlem
Sveinung Toft	Lindås	V	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Kommune	Parti	Rolle
Ståle Juvik Hauge	Lindås	AP	Medlem
Anna K.Valle	Lindås	SP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Kommune	Parti	Erstatter medlem
Jarle Vassdal gjekk under sak 34/19	Lindås	SP	Anna K.Valle

### Andre som møtte

Jarle Landås – ass.programansvarleg  
 Janne Sund - økonomisjef  
 Martin W Kullid – ass.programansvarleg  
 Tove Mette Fyllingen - sekretær  
 Ørjan Raknes Forthun - programansvarleg

## **Sakliste**

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
027/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
028/19	Godkjenning av møteprotokoll
029/19	Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2017 -2020, oppdatering etter første tertial 2019.
030/19	Økonomisk politikk og handlingsregler
031/19	Samarbeid om felles landbruksavdeling i deler av Nordhordland
032/19	Oppgave- og ansvarsfordeling i overgang til ny kommune
033/19	Møteplan haust 2019
034/19	Melding/orientering til fellesnemnda 03.06.2019

**Arkiv:**  
**JournalpostID:** 19/111  
**Saksbehandlar:** Tove Mette  
Fyllingen  
**Dato:** 27.05.2019

## Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
027/19	Fellesnemnda Alver	03.06.2019

### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

#### Fellesnemnda Alver 03.06.2019:

##### Handsaming:

Det er ettersendt skriv frå Alver Høgre vedrørande framlegg til uttale i fellesnemnda.

Fellesnemnda tek framlegget til handsaming i slutten av møtet.

Ingen merknader, samrøystes.

#### FA- 027/19 Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

**Arkiv:**  
**JournalpostID:** 19/110  
**Saksbehandlar:** Tove Mette  
Fyllingen  
**Dato:** 27.05.2019

## Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
028/19	Fellesnemnda Alver	03.06.2019

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Vedlegg i saken:

07.05.2019      Protokoll fellesnemnda 06.05.2019      1325490

#### Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

#### Fellesnemnda Alver 03.06.2019:

##### Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

#### FA- 028/19 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

**Arkiv:** FE-150  
**JournalpostID:** 19/104  
**Saksbehandlar:** Ørjan Raknes  
Forthun  
**Dato:** 27.05.2019

## Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
021/19	Fellesnemnda Alver partsamansett utval	29.05.2019
029/19	Fellesnemnda Alver	03.06.2019

### **Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2017 -2020, oppdatering etter første tertial 2019.**

#### **Vedlegg i saken:**

27.05.2019 Vedlegg - Budsjett for fellesnemnda, 1. tertial 2019 1325514

#### **Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**

Fellesnemnda tek orienteringa til vitande, og godkjenn programansvarleg sitt framlegg til justert budsjett for programperioden.

#### **Fellesnemnda Alver partsamansett utval 29.05.2019:**

##### **Handsaming:**

Orientering ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun.  
Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **FA PSU- 021/19 uttale:**

Fellesnemnda tek orienteringa til vitande, og godkjenn programansvarleg sitt framlegg til justert budsjett for programperioden.

#### **Fellesnemnda Alver 03.06.2019:**

##### **Behandling:**

Orientering ved ass.programansvarleg Martin Kullid.  
Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **FA- 029/19 Vedtak:**

Fellesnemnda tek orienteringa til vitande, og godkjenn programansvarleg sitt framlegg til justert budsjett for programperioden.

#### **Saksopplysningar:**

Saka skal til uttale i PSU  
Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Fellesnemnda har i sak 064/18 vedteke årsbudsjett for 2019 - del av prosjektperioden 2017-2020. Det vises i denne samanheng også til sak 25/2017 (Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2017-2020). Prosjektleiars framlegg er i tråd med tidlegare

vedtak. Frå saka i 2017: «I samband med kommunereforma har staten etablert nokre økonomiske verkemidlar for kommunar som har gjort vedtak om å slå seg saman. For Lindås, Meland og Radøy kommunar utgjer dette til saman kr. 72,6 mill. Summen inneheld midlar knytt til eingongsstønad, regionsentertilskot, reformstønad og infrastrukturmidlar. Infrastrukturmidlane, kr. 5 mill, er øyremerkt og må nyttast i tråd med søknaden».

Kommunen vil frå 2020 også mota inndelingstilskot, som skal kompensere kommunen for tap i rammetilskot som følgje av samanslåinga. Dette er ikkje del av denne saka.

## Vurdering

Framlegg til budsjett for fellesnemnda er ikkje eit ordinert kommunebudsjett og det er framleis usikkerheit knytt til enkelte av postane.

I eit kommunebudsjett er det vanleg at rådmannen kan omdisponere innanfor hovudpostane, men det er ikkje aktuelt på denne typen budsjett. I 2017 vart det difor delegert til programansvarleg å omdisponere/ endre med inntil 25 % av kvart års samla budsjett.

Fellesnemnda disponerer infrastrukturmidlar (øyremerkt) og regionsentertilskot (ikkje øyremerkt). Dette er postar vi vil kome attende til i eiga sak til fellesnemnda. Frå 2018 er det utarbeida rapport kvart tertial. I rapporten vert det også vurdert om det er trong for busjettjusteringar/løyvingar, utover det som delegerte fullmakt gjev rom for. Dette er første tertialrapport i 2019 og det er ikkje trong for endringar utover løyvd fullmakt.

Innanfor prosjektlears fullmakt er det i 2019 gjort følgjande endringar:

Programkontor/prosjektbemanning: Auka med kr 1.900.000,-

Arkivprosjekt: Auka med kr 186.000,-

IKT og digitalisering: Redusert med kr 1.000.000,-

Politisk styring: Redusert med kr 200.000,-

Informasjon, tilsette: Redusert med kr 200.000,-

Informasjon, innbyggjarar: Redusert med kr 400.000,-

Eksterne konsulentar: Redusert med kr 1.000.000,-

Kyrkjeleg fellesråd: Auka med kr 500.000,- (løn til prosjektleiar mm)

Revidert budsjett per 15.05.19							
Inntekter	R - 2017	R - 2018	R - 2019	B - 2019	JB - 2019	B - 2020	Sum
Eingongsstønad	35 000						35 000
Reformstønad						20 000	20 000
Infrastrukturiltak	5 000						5 000
<b>Sum</b>	<b>35 000</b>	<b>-</b>			<b>-</b>	<b>20 000</b>	<b>60 000</b>
Utgifter	R - 2017	R-2018	R - 2019	B - 2019	Justert B - 2019	Justert B - 2020	Sum
Frikjøp tillitsvalde		-		800	800	200	1 000
Tillegg for arbeid i programorganisasjonen		289		2 100	2 100		2 389
Programkontor/prosjektbemanning		1 338	864	7 100	9 000	1 000	11 338
Arkivprosjekt		-		814	1 000	5 000	6 000
IKT og digitalisering		676	40	14 800	13 800	5 050	19 526
Ny heimeside - grafisk profil		-		500	500		500
Politisk styring og	210	410	58	1 200	1 000		1 620
Informasjon, involvering og kulturbygging		119	10	700	500	200	819
Informasjon, identitet og kulturbygging		8	82	900	500	200	708
Møter og konferanser	80	70	22	400	400		550
Opplæring og kurs	200	701	107	200	200		1 101
Eksterne konsulentar (utanom)	1 690	2 151	1 096	3 500	2 500	1 000	7 341
Kyrkjeleg fellesråd		800		800	1 300		2 100
Til uføresett		2	5			6	8
Infrastrukturiltak		-		3 000	3 000	2 000	5 000
<b>Sum</b>	<b>2 180</b>	<b>6 564</b>	<b>2 284</b>	<b>36 814</b>	<b>35 700</b>	<b>15 556</b>	<b>60 000</b>



**Arkiv:** FE-00  
**JournalpostID:** 19/98  
**Saksbehandlar:** Ørjan Raknes  
Forthun  
**Dato:** 24.05.2019

## Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
030/19	Fellesnemnda Alver	03.06.2019
022/19	Fellesnemnda Alver partsamansett utval	29.05.2019

### Økonomisk politikk og handlingsregler

#### Vedlegg i saken:

24.05.2019	Økonomireglement Alver	21.05.2019	1325512
24.05.2019	Vedlegg Finansreglement		1325511

#### Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Fellesnemnda oversender vedlagte økonomireglement og reglement for finans – og gjeldsforvaltning til kommunestyret i Alver for endelig handsaming.

#### Fellesnemnda Alver partsamansett utval 29.05.2019:

##### Behandling:

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FA PSU- 022/19 uttale:

Fellesnemnda oversender vedlagte økonomireglement og reglement for finans – og gjeldsforvaltning til kommunestyret i Alver for endelig handsaming.

#### Fellesnemnda Alver 03.06.2019:

##### Handsaming:

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### FA- 030/19 Vedtak:

Fellesnemnda oversender vedlagte økonomireglement og reglement for finans – og gjeldsforvaltning til kommunestyret i Alver for endelig handsaming.

#### Saksutgreiing:

Fellesnemnda er politisk styringsgruppe for prosjektet som arbeider fram økonomireglement og reglement for finans- og gjeldsforvaltning.

#### Tidsplan for arbeidet:



6. mai: Utkast til reglement vart lagt fram for fellesnemda.

Prosjektgruppa bearbeider innspel og ferdigstiller reglementa.

3. juni: Fellesnemda innstiller til økonomireglement og reglement for finans og gjeldsforvaltning.

November: Kommunestyret i Alver vedtar økonomireglement og reglement for finans og gjeldsforvaltning.

**Arkiv:**  
**JournalpostID:** 19/103  
**Saksbehandlar:** Ørjan Raknes  
Forthun  
**Dato:** 27.05.2019

## Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
023/19	Fellesnemnda Alver partsamansett utval	29.05.2019
031/19	Fellesnemnda Alver	03.06.2019

### Samarbeid om felles landbruksavdeling i deler av Nordhordland

#### Vedlegg i saken:

27.05.2019	Vedlegg - Felles landbruksavdeling	1325515
27.05.2019	Vedlegg 1. Landbruket i Alver-, Austrheim-, Fedje- og Modalen kommune	1325516
27.05.2019	Vedlegg 2. Landbruksoppgåver i kommunane - Forventningar i 2019	1325517
27.05.2019	Vedlegg 3. Kommunesider_vedlegg til rapport 2018 Utdrag Nordhordland	1325518
27.05.2019	Vedlegg 4. Brukarundersøking - Evaluering Landbruk nye Alver	1325519

#### Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Programleiar rår til at det vidare arbeidet med å til rettelegge for ei felles landbruksavdeling i regi av Alver kommune, tek utgangspunkt i vertskommunemodellen etter ny kommunelov, jf saksutgreiinga og konklusjonen.

#### Fellesnemnda Alver partsamansett utval 29.05.2019:

##### Handsaming:

Orientering ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun.  
Saka vert teke til orientering, samrøystes.

#### FA PSU- 023/19 uttale:

Meldinga er teke til orientering.

#### Fellesnemnda Alver 03.06.2019:

##### Handsaming:

Orientering ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun.  
Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FA- 031/19 Vedtak:

Det vidare arbeidet med å til rettelegge for ei felles landbruksavdeling i regi av Alver kommune, tek utgangspunkt i vertskommunemodellen etter ny kommunelov, jf saksutgreiinga og konklusjonen.

## **Saksopplysningar:**

Samarbeidsmodell for organisering av felles landbruksavdeling skal avgjerast av Alver kommunestyre. Fellesnemnda få saka for tilråding av kva løysing det skal arbeidast vidare med fram mot ei avgjerd.

## **Bakgrunn:**

Prosjekt Felles landbrukskontor i Alver kommune er eit hovudprosjekt med administrativ styring. Prosjektet si oppgåve har vore å gjennomføre ei kartlegging av oppgåvene som skal løysast ved landbruksavdelinga, og tilrå organisering og dimensjonering.

Prosjektet omfattar kommunane:

- Alver kommune (Radøy, Meland og Lindås)
- Modalen
- Austrheim
- Fedje

Modalen kjøper tenester frå Meland i dag, medan Radøy, Fedje og Austrheim har felles landbrukskontor med kjøp av tenester frå Lindås.

Tilsette ved landbrukskontora har vore prosjektgruppe, leia av landbrukssjefen i Lindås.

### Bestilling til prosjektgruppa har vore:

- Kartlegge oppgåvene som blir utført ved landbrukskontora i dag, og eventuelle skilnader mellom dei 6 kommunane
- Lage ei ressursoversikt pr kommune og samla for Nordhordland – tal produsentar, areal, dyretal, skog, vilt
- Kartlegge aktuelle samarbeidspartar og aktørar eksternt, og kva form samarbeidet har
- Kartlegge behov for samarbeid og koordinering av tenester /oppgåveløysing internt i kommunane
- Kartlegge innbyggjarkontakten og –dialogen; partar, kommunikasjonsformer, tema
- Presentere moglege visjon, verdiar og målsettingar for landbrukskontoret i Alver
- Kartlegge status og behov for kompetanse ved kontoret
- Lage framlegg til dimensjonering av landbrukskontoret
- Lage framlegg til prinsipp for kostnadsnøkkel for tenester som Alver skal utføre for Austrheim, Fedje og Modalen, ev differensiert i høve til kva tenester kommunane ønskjer landbrukskontoret i Alver skal utføre
- Presentere alternative organisasjonsformer for felles landbrukskontor, og ev mellombelse løysingar fram til 01.01.2020

### Hovudmålet har vore:

- Hovudmålet er å sikre operative, heilskapelege og effektive løysingar for Landbrukskontoret i Alver, der levering av tenester til Austrheim, Fedje og Modalen blir like godt ivareteke som levering av tenester i eigen kommune.
- Landbrukskontoret skal vere ein integrert del av den samla arealforvaltninga i Alver kommune, der næringsperspektivet også inngår.

### Mål for framdrifta:

Sluttrapport levert til administrativ styringsgruppe i april 2019.

## Vurdering:

Prosjektgruppa leverte sin endelege rapport den 28. mars 2019, med overlevering til administrativ styringsgruppe 8. april. Rapporten med vedlegg svarer på bestillinga.

Rapporten avklarar tydeleg at det er store skildnader på omfanget av landbruket i regionen, der Alver kommune blir den klart største aktøren. Det er også skildnader i kva for oppgåver det er trong for å få løyst ved ei felles landbruksavdeling.

I tillegg til dei tre kommunane der det foregår eit samarbeid i dag, har Solund kommune også meldt interesse for å delta. Andre kommunar har muntleg nemnt at det kan vere aktuelt.

Programleiar er godt nøgd med arbeidet som er gjort. I etterkant av rapporten har administrativ styringsgruppe vurdert

- Namn på eininga: Landbruksavdeling

Dette samsvarer med strukturen i organisasjonsprosjekta elles.

- Organisering av samarbeidet: Vertskommune-status

Dette er ikkje i tråd med prosjektet si tiråding, der samarbeidsavtale mellom Alver kommune og den enkelte kjøpar-kommunen er ønskt organisering.

### Nærare om namn på eininga

Fordelane ved at Landbruksavdelinga i Alver er den formelle nemninga på eininga er at plasseringa er tydeleg og i tråd med den samla organisasjonsstrukturen. I dagleg tale vil truleg mange andre omgrep også bli nytta; t.d. landbruksetat, landbrukskontor. Programleiar ser ingen ulemper med det, det vil alltid dukke opp alternative nemningar uansett kva ein veljer.

### Nærare om organisering av samarbeidet

Det er ulike synspunkt på organisering av samarbeidet. Prosjektgruppa tilrår ikkje vertskommunesamarbeid, men samarbeidsavtalar men kvar kommune, fordi dei ser konturen av større utfordringar knytt til

- Arkivsystem
- Det er store fordelar med å skrive og lagre alle saker i den enkelte samarbeidskommunen sitt sakssystem, i staden for i vertskommunen sitt sakssystem
- Fleksibilitet
- Kommunane treng kvar for seg å erfare korleis samarbeidet vil fungere, og kunne korrigere undervegs. Om ein samarbeidsavtale er mindre formell enn ein vertskommuneavtale, er det liten risiko for at ein kommune eventuelt trekkjer seg. Det handlar om å ha tilgjengelege ressursar på om lag 0,2 – 0,4 årsverk pr kommune.
- Oppslutning
- Det er ønskjeleg å sikre eit godt og stort fagmiljø med høve til spesialisering. Prosjektgruppa fryktar at samarbeidskommunane ikkje ønskjer å gje frå seg mynde til ein vertskommune, og at samarbeidet dermed fell vekk. Då vil personellressursane i Alver bli færre og fagmiljøet meir sårbart. Eksempelvis er det stort rom for lokalt skjøn ved behandling av jordlovssakene, noko politikarane i den enkelte kommune i stor grad ønskjer å ha hand om sjølv.

Prosjektgruppa ønskjer at ein i starten av samarbeidet inngår samarbeidsavtalar utan vertskommuneorganisering, og i staden vurdserer vertskommunesamarbeid på litt sikt.

Programleiar er på si side ikkje uroleg for kva eit vertskommunesamarbeid kan løyse.

Vertskommunemodellen er den formelle organiseringa for sal av tenester etter kommunelova og det er reglar for korleis samarbeidet skal formaliserast. Den viktigaste årsaka til at programleiar ønskjer vertskommunesamarbeid, er at samarbeid som er kontraktbasert utan forankring i ein av samarbeidsformene etter kommunelova kan medføre uklar ansvarsdeling. Fleksibiliteten som prosjektgruppa etterlyser vil til ei viss grad kunne bli handtert i vertskommuneavtalen.

I forarbeida til ny kommunelov (Prop. 46L 2017-2018) står følgjande om organisering av interkommunale samarbeid:

*Kommuner kan samarbeide med andre kommuner innenfor alle deler av sin virksomhet. For de oppgavene kommunene påtar seg frivillig (ofte forretningsdrift), er det stor organisasjonsfrihet. Kommunene opptre her mer eller mindre på den privatrettslige arena på lik linje med private parter.*

*For lovpålagte oppgaver som innebærer utøvelse av offentlig myndighet, har ikke kommunene samme grad av frihet til å velge hvilken organisasjonsform de kan benytte. Kommunene må da i praksis benytte vertskommunemodellen. Begrunnelsen for dette er at når kommunene opptre som myndighetsorgan, er det nødvendig å ivareta hensynet til innbyggernes rettssikkerhet, demokratisk kontroll mv. i sterkere grad enn når kommunene driver forretningsdrift.*

#### **Konklusjon:**

Programleiar ser store fordelar både for Alver kommune og for landbruket i Nordhordland i å inngå samarbeid med omkringliggjande kommunar som ønskjer det. Ei styrking av fagmiljøa, kompetanseheving og meir spesialiserte tenester er nokre av gevinstane ved kommunesamanslåinga, og ei felles landbruksavdeling vil byggje opp under dette, særleg ved at samarbeidet medfører ei styrking av personellressursane.

Når det gjeld samarbeidsform, meiner programleiar at ein vertskommunemodell er den forma Alver kommune kan tilby samarbeidskommunane, slik kommunelova stiller opp. Det må gjerast avtale med kvar og ein av kommunane, for å skreddersy omfanget av tenestene. Det vil ikkje kunna bli ein felles økonomisk fordelingsnøkkel på tenestene då kommunane har ulike behov på ulike tenesteområde. Aktive vertskommunesamarbeid med lik økonomisk fordelingsnøkkel og tenesteyting er t.d. NGIB; i dette tilfellet er alle oppgåvene knytt til branntilsyn lagt i ei felles eining. Landbrukskontora har organisert oppgåvedelinga på ulike vis internt i eigen kommune, dette må samarbeidsavtalane ta omsyn til.

Programleiar rår til at det vidare arbeidet med dei kommunevise samarbeidsvtalane tar utgangspunkt i denne tilnærminga.

**Arkiv:** FE-00  
**JournalpostID:** 19/105  
**Saksbehandlar:** Ørjan Raknes  
Forthun  
**Dato:** 27.05.2019

## Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
032/19	Fellesnemnda Alver	03.06.2019

### Oppgåve- og ansvarsfordeling i overgang til ny kommune

#### Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til vitande.

#### Fellesnemnda Alver 03.06.2019:

##### Handsaming:

Orientering ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun  
Programansvarlig sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FA- 032/19 Vedtak:

Saka er tatt til vitande.

#### Bakgrunn:

Saka gjer greie for ein vurdering av dei formelle rammene rundt overgangen til ny kommune. Kva roller fellesnemnda, det nyvalde kommunestyret og dei enkelte kommunestyra skal ha i perioden frå valet hausten 2019 og fram til samanslåingstidspunktet.

Hensikta med saka er å avklare kva som må vere på plass før 01.01.2020 og kva som kan bli handtert av den nye kommunen. Saken vert lagt fram til orientering til fellesnemnda og kommunestyra og skal gje oversikt over kva saker fellesnemnda har ansvaret for, og kva saker fellesnemnda må forberede for det nyvalde kommunestyret etter kommunevalet hausten 2019. Saken ser også på ansvarsfordelinga mellom dagens kommunestyrer og nytt kommunestyre.

Følgjande dokument er lagt til grunn i vurderinga:

- Forskrift om samanslåing av Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune til Alver kommune.
- Intensjonsavtalen
- Mandat og reglement for fellesnemnda Alver kommune (sak 4/17 og vedteken i kommestyra)
- Styringsdokument Alver kommune (sak 21/17)
- Politisk reglement for fellesnemnd og utval gjeldande samanslåing av Alver kommune (sak 22/17)
- Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova)
- Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova)

## **Fakta**

Fellesnemnda skal samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga, jf. inndelingsloven § 26. Her kjem det mellom anna fram at fellesnemnda skal ta seg av det førebuande arbeidet med økonomiplan og budsjett for det første driftsåret etter iverksettinga av ny kommune, og i sin virkeperiode gi uttale til departementet om årsbudsjett og økonomiplan i verkeperioden for dei kommunane samanslåingsprosessen gjeld. Dette har vert følgt opp av fellesnemnda for Alver kommune både i 2018 og 2019. Ut over dette, skal arbeidsoppgåver og fullmakter for fellesnemnda fastsetjast i reglement.

Det kjem vidare fram at fellesnemnda sin funksjon vert avslutta når det nye kommunestyret er konstituert etter reglane i kommuneloven. Det betyr at alt arbeid i fellesnemnda må vere avslutta før det konstituerande møtet planlagt til 17. oktober 2019. Siste møte i fellesnemnda er planlagt til 7. oktober.

09.09.2019 er det kommunestyre- og fylkestingsval. Fellesnemnda har ansvaret for gjennomføring av valet, og at valet skal gjennomførast som om samanslåinga allereie er gjennomført. Fellesnemnda har sett ned eit valstyre som er ansvarleg for sjølve gjennomføringa av valet. Nødvendige førebuingar er ivaretatt i eit eige prosjekt – Val 2019.

## **Konstituerande møte i kommunestyret**

Når valet er gjennomført, skal det nyvalde kommunestyret bli kalla inn til eit konstituerande møte innan utgangen av oktober månad jf. inndelingslova § 27. (Satt til 17. oktober). Leiaren av fellesnemnda kallar inn (med minst 14 dagars varsel), og leier møtet inntil ny ordfører er vald. Elles gjeld reglane i kommunelova § 17, 1 og 2 for det konstituerande møtet. Dette betyr at i det konstituerande møtet skal kommunestyret som første sak ta stilling til om kommunestyrevalet er gyldig, deretter velje formannskap, ordførar, varaordførar og kontrollutval. Av lova går det fram at det i møtet også bør veljast medlemmer av kommunale nemnder.

Det er lagt opp til at det nyvalde kommunestyret gjennomfører møter både i november og desember 2019 for å fatte alle vedtak som er nødvendig for at den nye kommunen skal vere operativ 01.01.2020. Mynde til det nye kommunestyret og underliggende utval gjeld den nye kommunen. Avgjerder som er fatta av nytt kommunestyre eller underliggende utval vil i utgangspunktet ikkje ha rettsverknad overfor dei eksisterande kommunane og vil ikkje ha formell verknad/kunne setjast i verk før etter at den nye kommunen formelt er etablert 01.01.2020.

## **Eksisterande kommunar**

Etter inndelingsloven § 27, andre ledd skal funksjonsperioden for kommunestyra i dei kommunane som skal slås saman vere fram til samanslåingstidspunktet, altså fram til 01.01.2020. I rundskriv H-10/5 til inndelingslova går det fram at fungeringsperioden for kommunestyra i dei opphavlege kommunane blir forlenga i to månader, og at det nyvalde kommunestyret ikkje kan gjøre vedtak som bind dei eksisterande kommunane siste året. Tilsvarande må mynde og ansvar for dei sittande kommunestyra vere avgrensa til det som er nødvendig for å avvikle verksemda i dei eksisterande kommunane.

Lovpålagte utval, som bl.a. formannskap og kontrollutval, som er nødvendige for å ivareta avviklinga, må formelt vidareførast ut 2019. Underliggende utval si mynde blir avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte dei eksisterande kommunane då deira fullmakter er utleda frå kommunestyret sine fullmakter/mynde. Det er på det noverande tidspunkt ikkje avklart kva konkrete saker som eventuelt må handsamast i dei politiske organa i dei eksisterande kommunane i denne perioden.

## **Beredskap**

Det pågår eit arbeid med å utarbeide risiko- og sårbarheitsanalyse for Alver kommune. Med bakgrunn i denne skal det bli utarbeida ein beredskapsplan. Arbeidet skal være ferdigstilt i løpet av 2019, og det skal vere gjennomført ein øving (av planen) hausten 2019 i samarbeid med

Fylkesmannen.

Kommunenes beredskapsplikt er heimla i lov (Lov om kommunal beredskapsplikt) og forskrift. Dei avgjerder og vedtak som kommunal kriseleiiing fattar i ein beredskapssituasjon må vere fatta av kompetent mynde (jfr. Kommuneloven og lov om kommunal beredskapsplikt). Dette inneberer at dei beredskapsorganisasjonar (eks kriseleiiing) som Radøy, Meland og Lindås har i dag må vere funksjonelle fram til 31/12 2019.

#### **Saker til behandling i det nyvalde kommunestyret:**

Fellesnemnda har som en viktig oppgave å forberede arbeidet med saker som det nyvalde kommunestyret må handsame før 01.01.2020 slik at den nye kommunen kan vera operativ frå samanslåingstidspunktet. Utover de obligatoriske sakene i konstituerande møte må kommunestyret før 31.12.2019 handsame følgjande saker:

- Nye satsar for offentlege avgifter, gebyr- og betalingsatsar (vert førebudd av fellesnemnda gjennom arbeidet med framlegg til handlings- og økonomiplan).
- Årsbudsjett og økonomiplan for det nye kommunestyret (vert førebudd av fellesnemnda gjennom arbeidet med framlegg til handlings- og økonomiplan).
- Godkjenne politisk reglement, reglement for godtgjersle, andre reglement og framlegg til delegeringsreglement som vert handsama og vedteken av det nye kommunestyret. (Vert førebudd av fellesnemnda gjennom etablering av ulike prosjekt, bl.a. prosjekt Politisk styringsstruktur og lokaldemokrati som utarbeider framlegg).
- Foreslå framtidig revisjonsordning for den nye kommunen. (Er vedteke.)
- Fellesnemnda skal sørge for at samansettinga av forliksrådet til kommunen er i samsvar med domstollova § 27 og § 57 i perioden frå samanslåingstidspunktet til nytt forliksråd trer i funksjon. Fellesnemnda kan slå fast at funksjonstida for dei eksisterande forliksråda i kommunane skal vidareførast slik at den nye kommunen har to eller fleire forliksråd i ein periode.

#### **Saker som kan/skal handsamast etter 01.01.2020**

- Vedtekter og forskrifter som er gjeldande i Radøy kommune, Meland kommune og Lindås kommune skal fortsatt gjelde for vedkommande områder inntil nye lokale vedtekter og forskrifter er fastsatt av kommunestyret. Frist for fastsetting av nye vedtekter og forskrifter er 1. januar 2021, jf. Forskrift om samanslåing av Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune.
- Rekneskap for 2019.
- Kommuneplanar og kommunedelplanar etter plan- og bygningsloven kapittel 11, inkludert arealdelen, gjeld inntil dei blir erstatta av nye planer som er vedtatt av det nye kommunestyret. Reguleringsplaner etter lovens kapittel 12 gjelder inntil dei blir erstatta av nye planer eller dei blir vedtatt oppheva, jf. Forskrift om samanslåing av Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune.
- Fagplanar og temaplanar.
- Kommunikasjonsstrategi
- Framlegg til ny eigarskapspolitikk skal slutthandsamast av kommunestyret i Alver kommune våren 2020. Det er vidare lagt til grunn at det nye kommunestyret samtidig skal behandle spørsmål om eventuelle endringar i selskaps- og samarbeidsstrukturen.
- Etter forskrift om samanslåing av Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune vil Alver kommune i ein overgangsperiode frå 1. januar 2020 til 31. desember 2021 få unntak frå eigedomsskattelova slik at eigedomsskatteregima som gjaldt i Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune vil kunne vidareførast for vedkommande område i overgangsperioden i den grad desse var i samsvar med eigedomsskattelova. Ved etterfølgjande endringar i eigedomsskattelova må dei vidareførde eigedomsskatteregima innrettast i samsvar med lovendringane.



Dei vidareførde eigedomsskatteregima kan justerast i løpet av overgangsperioden i den grad den tidligare kommunen kunne gjort dette innanfor rammene av eigedomsskattelova, og formålet er gradvis å oppnå harmonisering av regelverket innad i den nye kommunen.

Frå og med 1. januar 2022 skal eigedomsskatten i Alver kommune vere harmonisert og i tråd med eigedomsskattelova.

Etter intensjonsavtalen skal eigedomsskatten i Alver kommune harmoniserast frå 01.01.2020 ved bortfall av eigedomsskatt på hus og hytte.

### **Vurdering**

Samanslåingsprosessen inneber mange prosesser og prosjekter som må til for å få på plass nye Alver kommune og å få harmonisert tenestene den nye kommunen skal levere. Teneste vil i stor grad bli vidareført slik dei er i dag i den enkelte kommune. Nokre saker vil vere av ein slik karakter at dei må handsamast politisk. Dei fleste organisasjonsprosjekta er nå i planleggingsfasen. Når denne fasen nærmar seg slutten vil det kome fram om det er saker knytt til samordning av tenestene som krev politisk handsaming. Programansvarleg vil løpande legge fram slike saker for fellesnemnda og seinare kommunestyret i Alver kommune.

I samsvar med inndelingslova vil ansvaret og fullmaktene til dei eksisterande kommunestyra vere avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte verksemda i dei eksisterande kommunane. Programansvarleg tilrår derfor at kommunestyra etter valet hausten 2019 berre fremmer heilt nødvendige saker - også for å unngå å belaste de avtroppande administrasjonane med nye oppgåver i denne perioden.

Saker som blir tatt opp som gjeld investeringar må vere innarbeida i vedteken handlings- og økonomiplan, og etter at det nyvalde kommunestyret er konstituert skal det ikkje bli tatt opp nye saker i dei gamle kommunestyra som får økonomiske eller juridiske konsekvensar for den nye kommunen.

Når det gjeld dei sakene fellesnemnda førebur og legg fram for det nyvalde kommunestyret vil programansvarleg peike på at det nyvalde kommunestyret ikkje kan utsette eller gjere endringar som medfører at den nye kommunen ikkje har et gyldig vedtak frå og med samanslåingstidspunktet den 01.01.2020. Det er svært viktig at den nye kommunen har alle vedtak og regelverk på plass som er nødvendige for å kunne utøve myndighet som ny kommune frå første dag.

**Arkiv:** FE-00  
**JournalpostID:** 19/106  
**Saksbehandlar:** Ørjan Raknes  
Forthun  
**Dato:** 27.05.2019

## Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
033/19	Fellesnemnda Alver	03.06.2019

### Møteplan haust 2019

#### Vedlegg i saken:

27.05.2019 Møteplan Alver 2019 1325526

#### Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Møteplan haust 2019 vert vedteke som den ligg føre.

#### Fellesnemnda Alver 03.06.2019:

##### Handsaming:

B.Vatnøy-Frp var ikkje tilstades ved røysting i denne saka.

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FA- 033/19 Vedtak:

Møteplan haust 2019 er vedteke som den ligg føre.

#### Bakgrunn for saken:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Etter kommunelova § 32.1 skal møter i folkevalde organ holdas på dei tidspunkt som er vedteke av organet sjølv, kommunestyret eller fylkestinget, og elles når organet sin leiar finn det påkravd eller minst 1/3 av medlemmene krev det.

**Arkiv:** FA-C83, TI-&17  
**JournalpostID:** 19/101  
**Saksbehandlar:** Ørjan Raknes  
Forthun  
